



3 R W arkitekter
Postboks 1131 Sentrum
5809 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/72 - 17/883

Sakshandsamar:
Roald Kvingedal
roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
01.03.2017

Melding om delegert vedtak - rammeløyve - utviding av hytte - gbnr 38/41 Kvingo

Administrativt vedtak. Saknr: 007/2017

Tiltakshavar: Sveinung

Sandnes Nygård

Ansvarleg søkjar: 3 R W
arkitektar

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova
(pbl.) § 20-1

VEDTAK:

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan – og bygningslova § 20-1, og godkjenner
rammesøknad for utviding av hytte, gbnr 38/41, Kvingo.**

Søknad med vedlegg mottatt 14.02.2017 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Det skal søkjast om utsleppsløyve før igangsetting av tiltaket.
- Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 09.01.2017 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
- Koordinatar for innmålt bygg, veg, parkering må sendast til kommunen før ferdigmelding
Av tiltaket
- Tiltaket kan ikkje settjast i gang før det ligg føre løyve til dette.
- Det skal søkjar om ferdigattest når tiltaket er ferdig.

Grunngjeving:

Søknaden er i trå med kommuneplanen 2012-2024.

Heimel:

Plan – og bygningslova.

Kommuneplanen 2012 -2024.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) har følgjande føretak erklært ansvarsrett:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	3 R W arkitekter	977387930	S	1	Søk
PRO	3 R W arkitekter	977387930	S	1	Arkitektonisk utforming, bygningsfysikk, og våtrom. Uteareal og landskapsutforming.

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
- Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.
- Avkjørsle til offentleg veg skal vere godkjent av vegstyresmakta.
- Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.
- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.1	Basisgebyr bustad/fritidsbustad	1	8 500,-
	Totalt gebyr å betala		8 500,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

3 R W arkitekter	Postboks 1131	5809	BERGEN
	Sentrum		
Sveinung Sandnes Nygaard	PB 133	2831	RAUFOSS

1 Bakgrunn

Saka gjeld søknad om rammeløyve, tilbygg på fritidsbustad, gbnr 38/41, Kvingo.

2. Uttale

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan – og bygningslova § 21-3.

3. Fakta.

Søknaden gjeld søknad om tilbygg på fritidsbustad, gbnr 38/41, Kvingo.

Eksisterande bebyggelse er i dag på 71 m², etter bygd tilbygg vert bebygd areal på 119m², tiltaket er innafor føresegner til kommuneplanen.

Føresegner til Kommuneplan.**1.6 Utbyggingsvolum, plan- og bygningslova § 11-9 nr 5**

Hytter skal ha ein maks storleik på 120 m² bruksareal (BRA). Hytta ei mønehøgde må ikkje overstige 6,0 meter og gesimshøgden må ikkje overstige 4,0 meter målt frå gjennomsnittleg planert terreng. , jf pbl § 11-10 nr 2.

Tiltaket ligg som LNFR- areal med spredd bustad i arealdelen til kommuneplanen.

Skredfare:

Tiltaket ligg ikkje inne i sone for aksemd for snøskred eller steinsprang.

Det må sendast inn søknad om utsleppsløyve når det vert søkt om oppstart.

4. Vurdering

Søknaden er i tråd med kommunedelplanen.

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

5. Konklusjon.

Jf, vedtak